



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 15.03.2017
Vår ref.: 2017/1025-6
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fonnebusstvegen - gnr 108 bnr 161 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 01.02.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Fonnebusstvegen, gnr. 108, brn. 161, Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er å legge tilrette for bustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad og LNF område.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no.

Vurdering

Areal og transport, senterutvikling

Planen legg opp til 4 nye bustader utbygd som konsentrerte småhus med kort veg til Lindås senter, barnehage og skule. Hordaland fylkeskommune er positiv til bustadutvikling som stør opp under senterområdet på Lindås.

Samferdsel

Planområdet ligg tett på kollektivhaldeplass. Planen syner at kopling til fylkesvegen vil skje via eksisterande utkjørsel frå kommunal veg. Vi har ingen merknader til dei løysingane som ligg føre.

Barn og unges interesser

Det er sikra tilstrekkeleg uteareal for barn og unge. Uteareaala er sikra opparbeida med kvalitet og sikra opparbeida gjennom føresegnehens krav om rekkjefølgje. Det er positiv at det er lagt vekt på universell utforming av uteareal.

Klima og energi

Hordaland fylkeskommune minner om regional klimaplan for Hordaland. Planen har mål som gjev at energibruken i bygningsmassen i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 i høve til energibruken i 2007, og 25 % i 2030. Utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland skal reduserast ved konvertering til alternative fornybare energikjelder og klima- og miljøvenleg materialbruk. Vi ber om at det vert teke omsyn til dette i prosessen vidare.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest